

Dette dokumentet er ei nynorsk omsetjing til informasjonsformål. Dersom informasjon i dette dokumentet og i versjonen på bokmål ikkje samsvarer, er det den vedtekne versjonen på bokmål som gjeld.

RETNINGSLINJER FOR REAKKREDITERING AV EKSISTERANDE STUDIEPROGRAM VED NORD UNIVERSITET

Fastsett gjennom rektorvedtak 17/01202-2 den 29. desember 2016. Justert første gong gjennom rektorvedtak 17/01202-6 den 29. desember 2017 (teke inn føresegner om reakkreditering som følgje av utviklingsarbeid/endringar). Justert andre gong gjennom rektorvedtak 17/01202-9 den 06.02.2019 (teke inn føresegner om sjølvevaluering og ekstern fagekspertise). Retningslinjene inngår som ein del av universitetet sitt kvalitetssikringssystem.

1. Alle eksisterande studieprogram over 30 studiepoeng skal reakkrediterast innanfor ein syklus på sju år. Studieprogram som har gjennomgått tilsyn eller nasjonal evaluering av NOKUT, og frå denne fått godkjenning tilsvarende akkreditering, vurderast som reakkrediterte.
2. Dekan ved det einskilde fakultetet har ansvar for å utarbeide ein sjuårsplan for reakkreditering av fakultetet sitt studieprogram. Fakultetsplanane godkjennast av rektor etter behandling i det sentrale Utdanningsutvalet.
3. Planane for reakkreditering kan endrast av dekan og rektor etter behov, etter ny behandling i Utdanningsutvalet.
4. Studieprogram kan prioriterast for reakkreditering uavhengig av vedteken plan, om det kjem fram indikasjonar på at ei reakkreditering er naudsynt. Dette blir vedteke av rektor i samråd med dekan ved fakultetet som er ansvarleg for det aktuelle studieprogrammet, etter behandling i Utdanningsutvalet.
5. Ved endring av studieplan til studieprogram som følgje av fagleg utviklingsarbeid, endring i familjøet til studieprogrammet, rammevilkår med meir, kan fakultetet melde inn studieprogram for vurdering i høve til reakkreditering. Det blir då gjort ei sjølvevaluering, sjå punkt 7 nedanfor. Etter dialog med prorektor for utdanning og studiedirektøren, leggjast saka fram for rektor, som vedtek kor vidt reakkreditering er naudsynt eller ikkje i aktuelt tilfelle. Sentralt Utdanningsutval informerast om vedtaket. I vurderinga vektleggjast grad av endring i;
 - Læringsutbytet til studieprogrammet
 - Det faglege innhaldet og oppbygginga til studieprogrammet (studieprogramdesignet)
 - Organiseringa av studieprogrammet, til dømes til/frå tverrfakulært
 - Talet på studiepoeng på studieprogrammet, til dømes meir enn 50 prosent endring
 - Familjøet på studieprogrammet, til dømes meir enn 50 prosent endring
6. Reakkreditering gjevest med utgangspunkt i dei same kriteria som akkreditering av nye studieprogram: Dei til ei kvar tid gjeldande vilkåra til Kunnskapsdepartementet og NOKUT for akkreditering av studieprogram (første, andre og tredje syklus).
7. Reakkreditering av eit studieprogram skal innleiaast med ei sjølvevaluering frå det ansvarlege fakultetet om statusen til programmet i høve til eksisterande nasjonale kvalitetskrav. På

bakgrunn av dette blir det bestemt kva omfang ei reakkreditering skal ha, under dette om ekstern fagekspertise skal trekkjast inn. Sjølvevalueringa skal bestå av ein gjennomgang i samsvar med føresegnene i kapittel 2 i Studietilsynsforskrifta, og ei kort oppsummering av status og tilråding om den vidare reakkrediteringsprosessen. Tilrådinga om vidare prosess godkjennast av prorektor for utdanning.

8. Om eit eksisterande studieprogram ikkje oppfyller kriteria for akkreditering, skal rektor gje det ansvarlege fakultetet ved dekan inntil eitt års frist til å rette opp manglane knytte til studieprogrammet. Unntaksvis kan rektor i særskilte tilfelle gje lengre frist.
9. Om eit studieprogram etter fristen ikkje kan oppfylle kriteria for akkreditering, skal rektor, enten a) stanse opptak til studieprogrammet til kriteria er oppfylte, eller b) leggje fram sak for universitetsstyret om nedlegging av studieprogrammet.